



AVTALE

Om snøbrøyting, snørydding, sandstrøинг og anna vintervedlikehald av kommunale vegar og plasser.

Avtalen gjeld snøbrøyting, snørydding, sandstrøинг og anna vintervedlikehald på kommunale vegar og plassar i Vindafjord kommune etter til ei kvar tid gjeldande brøytekart. Området kan bli innskrenka eller utvida i perioden ved nedlegging eller opptak av kommunale vegar.

1. Leverandør forpliktar seg til å utføra dei arbeida som er beskrivne i denne avtalen i samsvar med vilkåra i avtale og instruks.
Leverandør pliktar vidare å retta seg etter dei direktiv angåande brøyting, rydding, strøинг og anna vintervedlikehald som vert gjeve av Vindafjord kommune.
2. Leverandør må syta for at det til ei kvar tid er beredskap til å utføra brøyting og strøинг.
3. Vindafjord kommune har rett til å montere utstyr på kjøretøy og leverandør pliktar å ta i bruk oppdragsgjevar webbaserte system for oppfylging og rapportering av vintervedlikehald. Det er Vindafjord kommune som er lisenseigar og behandlingsansvarleg i henhold til GDPR for personopplysningar som handteras i løpet av kontraktsperioden. Dersom Vindafjord kommune vel å bytta systemleverandør, pliktar leverandør å ta i bruk det gjeldande system som benyttaas.
4. Leverandør skal syta for at arbeidet blir gjort med tenleg utstyr, og på ein slik måte at ressursane vert nytta best mogeleg, slik at ein får ein brukande standard ved minst mogeleg ressursar.
5. Dersom Leverandør på grunn av konkurs eller andre varige årsaker ikkje lenger kan utføra sine oppgåver i samsvar med avtalen, fell avtalen bort.
6. Kommunen er utan ansvar for skader Leverandør påfører seg sjølv, sin bil/traktor eller utstyr under brøyting, rydding, strøинг eller anna vintervedlikehaldsarbeid. Likeeins for uvanlege hendingar eller naturkatastrofe.
Leverandør ansvarleg for skader påført tredjemann
7. Tap som vert påført Leverandør på grunn av at kommunen misligheld avtalen kan krevjast erstatta.

Tap som vert påført kommunen på grunn av at Leverandør forsettleg eller aktlaust mislegheld avtalen, vert erstatta av Leverandør I tilfelle tvist vert erstatningsspørsmålet avgjort ved valdgift.



8. Denne avtalen kan av begge partar seiast opp med 3 – tre – månaders varsel. Leverandør kan ikkje seia opp avtalen i tidsrommet 1. Juli – 1. Februar.

Kommunen kan seia opp avtalen med 14. dagars varsel dersom Leverandør ikkje utfører arbeidet sitt etter instruks og avtale eller på annan måte mislegheld avtalen.

9. I tilfelle tvist om forståing av avtalen vert tvisten avgjort ved valdgift etter "forskrift for kjøp av varer og tenester til staten", § 43. Sjølv om ein tvist skal avgjerast ved valdgift, har Leverandør ikkje rett til å avbryta oppdraget.

10. Teieplikt etter forvaltningslova § 13: *Einkvar som utfører teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan, pliktar å hindra at andre får adgang eller kjennskap til det han i samband med tenesta eller arbeidet får veta om:*

- 1) *nokon sitt personlige forhold, eller*
- 2) *tekniske innretningar og framgangsmåtar samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmelighalde av omsyn til den som opplysningsa angår.*

Som personlege forhold reknast ikkje fødestad, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bupel og arbeidsstad, med mindre slike opplysninger røpar eit klientforhold eller andre forhold som må sjåast som personlege. Kongen kan ellers gje nærmare forskrifter om kva for opplysningar som skal reknast som personlege, om kva for organ som kan gje privatpersonar opplysninger som nevnt i punktumet framanfor og opplysninger om den enkelte sin personlege status for øvrig, samt om vilkåra for å gje slike opplysningar.

Satsane gjeld for sesongen inngått sesong og vert justert årleg etter Statistisk sentralbyrå sin kostnadsindeks for *Vinterdrift av vegar* (beredskapen) og *Drift og vedlikhold av veger. i alt. masikiner* (timepris kjøretøy). Satsane vert regulert etter indeks for 2. kvartal. Grunnlaget for justering blir 2. kvartal kommande år

Faktura skal sendast 1 gong kvar månad dersom anna ikkje er avtalt.



VINDAFJORD KOMMUNE

Brøyteliste/timeliste skal leveras med faktura som vedlegg. Lista skal tas ut i frå kommunens elektroniske kjøreboksystem. Det skal framgå kor stor del av brøyting som gjeld kommunale bygg og tilhøyrande parkeringsplassar dersom kommunen ber om det.

Bereidskap skal fakturerast i 2 gonger, haust og vår.

Faktura skal sendas som EHF og skal ha 30 dagars betalingsfrist.

Dato: _____

Dato: _____

Vindafjord kommune

Leverandør